



SAKSHANDSAMAR
Erik Småland

VÅR REF.
06/00073-48

ARK. F - Fartøy
Granvin

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

+47 98202739

DYKKAR DATO

VÅR DATO
21.09.2016

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Se mottakerliste

LGDC - M/S Granvin - vedtak om dispensasjon frå fredingsføresegnene i samband med arbeid på skipet

Vi syner til søknad datert 16.09.2016, vedlagt e-post av same dato, om dispensasjon frå fredingsføresegnene i samband med restaureringa av M/S «Granvin».

Ansvarleg søkjar

Veteranskipslaget Fjordabåten, org. Nr. 980 874 737.

Oversyn over tiltaka

Brev datert	Tiltak det vert søkt om dispensasjon for	Areala dette gjeld	Aktuelle punkt i fredingsføresegnene
16.09.2016	Flytting av hydraulikk tank med pumpe til styremaskin frå akterdekk til maskinrom.	230, 150 og fleire alt etter føringsveg	1
	Installasjon av lukka toalettsystem med tank	236 og truleg 165, 166, 164 og 165	1, 2

I samband med restaureringa av skipet må det gjerast omfattande utskiftingar av stålplater og andre delar av konstruksjonen. Før det er mogleg å gje formell dispensasjon for dette må det setjast opp ei liste over kva plater eller delar av plater som skal skiftast. På denne måten kan det dokumenterast for ettertida kva som no vert skifta.

Heimel for fredinga og mynde

M/S «Granvin» er freda gjennom vedtak av 12.09.2011 med heimel i lov om kulturminne § 14a.

Riksantikvaren har i medhald av føreskrift av 09.01.1979 om fagleg ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova § 12 mynde til å gje dispensasjon frå vedtak om freding.

VEDTAK:

Med heimel i lov av 09.02.1978 nr. 50 om kulturminne (Kulturminneloven) § 15 første ledd vert det gjeve løyve til å gjennomføre følgjande tiltak på det freda fartyet:

- Installasjon av lukka toalettsystem i dametoalettet.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- Det er ein føresetnad at lukka toalettsystem kan installerast utan at dette medfører endringar i innreiinga i lugarane under. Dette inkluderer også utføring og plassering av himlingsplater mm. under dekk.

- Før arbeidet tek til skal det lagast detaljerte teikningar som syner plasseringa av dei ulike komponentane og føringsvegane for røyra. Teikningane, val av system og utforming av synlege delar skal godkjennast av Riksantikvaren før arbeidet tek til.
- Dersom originalt avlaupsrøyr ikkje er til hinder for ny installasjon skal ikkje dette fjernast, men blendast. Dersom det må fjernast for å gje plass til ny installasjon skal det merkast og lagrast.

Søknad om løyve til å flytte hydraulikk tank med pumpe frå akterdekk til maskinrom vert avslegen. Riksantikvaren opnar for at det i staden kan søkjast om rekonstruksjon av kjettingstyring.

Grunngjeving

Styremaskina med tilhøyrande hydraulisk system vart etter dei opplysingane som ligg føre installert ca. 1968 etter at brødrane Linga kjøpte skipet frå HSD. Plasseringa av komponentane i dette systemet har ikkje vore endra i tida etter. Ei flytting av komponentar frå original plass til maskinrommet vil difor endre den historiske situasjonen både på akterdekket og i maskinrommet. Riksantikvaren ser at noverande plassering kan medføre noko støy, men finn dette ikkje er ei tilstrekkeleg grunngjeving til å endre ein historisk situasjon.

Punkt 7 i fredingsføresegnene gjeld høve til å gjere endringar som del av ei tilbakeføring av skipet slik det var som bilførande lokalskip i HSD si eige. Sjølv om tilbakeføring til kjettingstyring ikkje er spesifisert, er dette likevel eit tiltak som kan inngå i ein slik samanheng. Kjeldesituasjonen for eit slikt tiltak er også svært god, då M/S «Tysnes» har bevart eit slikt styresystem frå same tid og same verft. Det er finst også originale teikningar av rorkvadrant mm. hjå Bergens Sjøfartsmuseum (arkivnummer BSj 5302). Ei rekkje verna og freda skip har i dag kjettingstyring, og desse kan kontaktast for erfaring med systemet. Dette gjeld t.d. D/S «Børøysund», og snart D/S «Stavenes».

Lukka toalettssystem i dametoalett. Det er gjeve dispensasjon frå Sjøfartsdirektoratet for utslipp frå toaletta, men det finst likevel sterke argument som talar for å installere eit lukka toalettssystem no:

- All innreiing i akterskipet er no demontert. Dette gjer det mogleg å installere eit slikt lukka system på ein slik måte at røyrføringar mm. ikkje vert synleg.
- Inngrepet er avgrensa til eitt av toaletta, noko som gjer det mogleg å bevare det andre i original stand.
- Tålegrensa for slike utslepp er i endring og installasjon på eit seinare tidspunkt vil vere komplisert og fordyrande.

Plassering av tank er ikkje nemnt i søknaden. Ut frå arrangementsteikninga peikar akterpeaktanken (areal 170) seg ut som den mest diskret plasseringa. Det treng då ikkje installerast synleg tappepunkt, då det er tilkomst til tanken gjennom original luke i akterdekket.

Utfordringa er å plassere røya på ein slik måte at desse vert skjult over panel og plater i himlinga utan at denne må senkast eller endrast. Erfaringsmessig gjeld dette særskild punktet direkte under toalettet, der nokre av systema føreset plasskrevjande bend. Erfaringa tilseier også at det er betre å føre røra ned mellom spanta og akterover under dørken enn å leggje dei under dekk der dekkshjelkane kan vere vanskelege å forsere.

Høve til å klaga

Vedtaket kan klagast inn til Klima- og miljødepartementet, jf forvaltingslova § 28. Ei eventuelle klage skal sendast til Riksantikvaren innan tre veker etter at dette brevet er motteke, jf.

forvaltingslova § 29. Dersom Riksantikvaren ikkje tek klaga til følgje, vert ho sendt til Klima- og miljødepartementet som ta endeleg avgjerd i saka.

Beste helsing

Mari Søbstad Amundsen (e.f.)
seksjonssjef

Erik Småland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent

Kopi til: Hordaland fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020
BERGEN

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Veteranskiplaget Fjordabåten	Hanne Huseklepp	Postboks 1740 Nordnes	5005 BERGEN